



LINDÅS KOMMUNE
Lindås ungdomsskule

Referat frå samarbeidsutvalet ved Lindås ungdomsskule 10.04.05

Desse møtte;

Anita Langøy- Jørgenvik
Siri Øksnes
Ragnhild Kolås
Jonas Pedersen
Siri Vatle Waage
Anne Britt Svendsen
Markus Wentzel Nordgård
Olav M. Steinsland
Henriette Rolland

forelder, SU/SMU- leiar
forelder, FAU-leiar
Elev i 9. representant i elevrådet
Elev i 10. representant i elevrådet
sekretær v/LUS
Lærar v/ LUS, inspektør og sosiallærar
Miljøterapeut v/LUS og elevrådslærar
Lindås kommune, politisk vald
rektor og nestleiar SU/SMU

Desse møtte ikkje;

Emil Frotjold
Åsne Vaktskjold

Elev i 10. elevrådsleiar
Elev i 10. nestleiar i elevrådet

Sakliste:

Sak 5-18/19

Godkjenning av innkalling og sakliste
– ingen merknader

Sak 7-18/19

Referansegruppa har komme fram til ein uttale som ligg ved.
-uttale/innspeil er sendt inn ihht fristen.

Sak 8-18/19

Eventuelt;- ingen saker.

Lag ein fin dag !!

Skrivar

Siri V Waage

Standard for arbeid med læringsmiljø i bhg og skule – Alver kommune

Innspel frå referansegruppe – SU v/Lindås ungdomsskule

Delområde 1: Barnehage-/skulekultur

Eigar

- Jobbe for ein felles barnehage- og skulekultur i kommunen.
- Legge til rette for utvikling av gode kulturar ved å setje av tid, ressursar og midlar.
- Vere gode rollemodellar og sikre felles forskingsbasert fokus.

Barn/elevar

- Er kjent med verdigrunnlaget

Foreldre

- Må kjenne verdigrunnlaget til bhg./skule
- Har felles forståing og praktisering av reglar og rutinar.
- Jobbar kontinuerleg for at verdiane skal bli godt forankra.

Delområde 2: Barnehage- og skuleleiing

Kommentar: Innleiingsavsnittet var tungt og uklart formulert.

Foreldre

- Bidreg med positive haldningar til barnehagen/skulen sine satsingsområde.

Delområde 3: Tilsett/barn-relasjonar. Relasjonsbasert gruppe-/klasseleiing.

Eigar

- Legg til rette for kompetanseheving av både lærarar og pedagogiske medarbeidrarar, med og utan formell utdanning. Omsyn til auka behov for kunnskap.

Tilsette

- Vere tydeleg til stades i utetid/friminutt. Oppsøkjande vaksne som byggjer relasjonar til alle elevane.

Foreldre

- Open og gjensidig kommunikasjon med skulen

Delområde 4 – barn/barn-relasjonar

Eigar

- Legg til rette og sikrar naudsynte ressursar

Leiar

- Me set spørsmålsteikn ved kva som meinast med «forsvarleg» vaksentettleik i friminutt og meiner at det omgrepet gir for stort rom for tolking. Forsvarleg kan tolkast som at vaksentettleiken skal vere tilstrekkeleg til å kunne drive brannslukking, men det bør i tillegg vere ressursar til å jobbe førebyggjande i friminutta/uteleiken.

Tilsette

- Halde trivselsreglane varme og levande, ved hyppig repetisjon, øving og fokus.
- Oppsøkjande vaksne i utetid/friminutt.

Barn/elevar

- Deltek aktivt i elevrådet på skulen
- Er med i prosessen med å utarbeide klassereglar/trivselsegrar
- Inkludere alle

Delområde 5 – foreldresamarbeid

Eigar

- Legg til rette for og sikrar SU, SMU og FAU i alle bhg/skulær.
- Stiller på i dei ulike foreldreutvala

Foreldre

- Har tett dialog med bhg/skule
- Involverer seg i det som skjer i bhg/skulen, foreldremøte, sosiale tiltak m.m.
- Tett samarbeid og dialog for å fremje barn/elevar si læring og utvikling.
- Deltek aktivt i samarbeid med andre foreldre/føresette
- Inkluderer alle foreldre og andre born/elevar.

Sluttkommentar: Godt jobba! Flott om det kan utarbeidast ein plakat der essensen frå dette dokumentet kjem fram. Det vil bidra til å halde standarden levande om ein kan henge den opp på veggen som ei påminning i kvardagen.

